

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Torill Telstad	K3-&13	25/535

Saksnr	Utval	Type	Dato
041/25	Utval for landbruk, miljø og teknikk (LMT-utvalet)	PS	06.05.2025
039/25	Kommunestyret	PS	22.05.2025

Uttale til NVE - konsesjonspliktvrdering av økt pumpekapasitet i Saurdal pumpekraftverk i Ulla-Førre systemet

Innstilling frå Utval for landbruk, miljø og teknikk (LMT-utvalet) - 06.05.2025 - 041/25

Suldal kommune er i utgangspunktet positiv til ei oppgradering som gir større fleksibilitet i kraftproduksjonen utan nye store naturinngrep.

Suldal kommune har fylgjande merknader som me ber NVE ta med i vurderinga av om auka pumpekapasitet i Saurdal kraftverk krev ny konsesjon:

1. Tiltaket omfattar tre magasin som ligg i nasjonalt villreinområde og/eller omsynssone villrein. Spesielt Blåsjømagasinet ligg sentralt i villreinområdet og det er villrein kring magasinet heile året. Det er heilt sentralt at magasinet ikkje blir ein større trekkbarriere enn det det alt er. Suldal kommune er usikker på om kunnskapsgrunnlaget og vurderingane av isforhalda på Blåsjø ved auka pumping er gode nok. Suldal kommune rår derfor til at det vert gjort ei grundigare vurdering av kva påverknad ei auka pumping vil ha på isforhalda ved ulike senario og kva påverknad dette vil ha på villreintrekka i området.
2. Suldal kommune er uroa for at tiltaket kan ha påverknad på temperaturen i Suldalslågen som er eit nasjonalt laksevassdrag. Temperaturen er i dei seinare åra trekt fram som ei av hovudutfordringane for laksen. Suldal kommune rår derfor til at det vert gjort ei grundigare utgreiing av tredjepart av om tiltaket vil påverke temperaturen i Lågen.
3. Suldal kommune vurderer at tiltaket er innanfor arealformåla i kommuneplanen og ikkje treng dispensasjon frå denne.
4. Suldal kommune som Noregs største vasskraftkommune er oppteken av at den nasjonale ynskja satsinga på pumpekraftverk ikkje skal slå negativt ut økonomisk for vertskommunane.

Kommunedirektøren si innstilling

Suldal kommune er i utgangspunktet positiv til ei oppgradering som gir større fleksibilitet i kraftproduksjonen utan nye store naturinngrep.

Suldal kommune har fylgjande merknader som me ber NVE ta med i vurderinga av om auka pumpekapasitet i Saurdal kraftverk krev ny konsesjon:

1. Tiltaket omfattar tre magasin som ligg i nasjonalt villreinområde og/eller omsynssone villrein. Spesielt Blåsjømagasinet ligg sentralt i villreinområdet og det er villrein kring magasinet heile året. Det er heilt sentralt at magasinet ikkje blir ein større trekkbarriere enn det det alt er. Suldal kommune er usikker på om kunnskapsgrunnlaget og vurderingane av isforhalda på Blåsjø ved auka pumping er gode nok. Suldal kommune rår derfor til at det vert gjort ei grundigare vurdering av kva påverknad ei auka pumping vil ha på isforhalda ved ulike senario og kva påverknad dette vil ha på villreintrekka i området.
2. Suldal kommune er uroa for at tiltaket kan ha påverknad på temperaturen i Suldalslågen som er eit nasjonalt laksevassdrag. Temperaturen er i dei seinare åra trekt fram som ei av hovudutfordringane for laksen. Suldal kommune rår derfor til at det vert gjort ei grundigare utgreiing av tredjepart av om tiltaket vil påverke temperaturen i Lågen.
3. Suldal kommune vurderer at tiltaket er innanfor arealformåla i kommuneplanen og ikkje treng dispensasjon frå denne.
4. Suldal kommune som Noregs største vasskraftkommune er oppteken av at den nasjonale ynskja satsinga på pumpekraftverk ikkje skal slå negativt ut økonomisk for vertskommunane.

Sand, 23.05.2025

Vedlegg:

Høyringsbrev frå NVE - Konsesjonspliktvrdering av økt pumpekapasitet i Saurdal pumpekraftverk i Ulla-Førre systemet i Rogaland -
Søknad frå Statkraft - Saurdal pumpekraftverk - anmodning om konsesjonspliktvrdering

Samandrag

Statkraft har sendt inn ein førespurnad til NVE om vurdering av konsesjonsplikt for auka pumpekapasitet i Saurdal kraftverk. NVE har sendt søknaden på ei avgrensa høyring. Denne saka er forslag til Suldal kommune si uttale til søknaden.

Fakta


Statkraft vurderer å doble pumpekapasiteten i Saurdal kraftverk frå 320 MW til 640 MW ved å skifte ut to konvensjonelle aggregat med to nye pumpeaggregat. Tiltaket medfører ingen nye reguleringar, overføringar eller utnytting av nytt fall. I fylgje Statkraft er det forventa berre små endringar i magasindeponering i Blåsjø, Lauvastølsvatnet og Sandsavatnet, og ingen endringar i hydrologien i området. Tiltaket er eit opprustings- og utvidingstiltak som kan vere raskt realiserbart og vil bidra positivt til auka balansering og fleksibilitet i kraftsystemet.

Statkraft ynskjer å gjennomføre prosjektet samstundes med utbetringar i vassvegen mellom Blåsjø og Saurdal kraftverk, eit prosjekt som har fått løyve frå NVE.

NVE skal handsame førespurnaden etter vassdragsreguleringsloven og vurdere om tiltaket gir skade og ulempe av slikt omfang at det oppstår konsesjonsplikt.

NVE ynskjer tilbakemelding på om tiltaket får fylgjer for ålmenta sine interesser, t.d. friluftsliv, kulturminne eller verdifull natur. Det er og ynskje om informasjon om planstatus og status i forhold til vannforskriften.

Høyringsbrev frå NVE og søknad frå Statkraft ligg som vedlegg til saka. Vedlegg referert til i Statkraft sin søknad (konsesjon frå 1974, manøvreringsreglement frå 2017 og hydrologirapport frå 2021) finn du på NVE sine nettsider:
<https://www.nve.no/konsesjon/konsesjonssaker/konsesjonssak?id=9627&type=V>



Ulla - Førre reguleringa. Saurdal pumpekraftverk markert med raud sirkel. (kjelde: NVE atlas)

Omtale av Saurdal kraftverk (Wikipedia):

"Saurdal kraftverk er et vannkraftverk i Ulla-Førrevassdragene i Suldal kommune i Rogaland fylke. Kraftverket ble satt i drift i 1986. Verket utnytter et fall på 465 meter fra Blåsjø. Blåsjø reguleres mellom 1 055 og 930 moh. Det er installert to francisturbiner og to pumpeturbiner på tilsammen 640 MW. Brutto årsproduksjon er på 1376 GWh, det brukes ca 280 GWh til pumping. Netto produksjon er oppgitt til 952 GWh. De to pumpeturbinene kan pumpe vann tilbake i magasinet for lagring for senere produksjon."

Lover, føreseger, rundskriv

Vassdragsreguleringsloven § 3 og §4

Vannforskriften

Plan- og bygningsloven § 11-7 og §11-8

Økonomiske konsekvensar

Innføring av meir pumpekraft vil få økonomiske konsekvensar for Suldal kommune, men regelverket er uklårt.

To nye pumpeaggregat vil auke effekten til kraftverka i frå 320 MW til 640 MW og gje ein brutto produksjon på mellom 6004 og 6258 TWh/år mot 5690 TWh/år i dag. Ei brutto auke på mellom 314 og 568 GWh. Netto produksjon vil gå ned med mellom 95 og 201 GWh.

Den auka produksjonen vil kome i frå Saurdal kraftverk, som ligger i Suldal kommune. 78% av eigedomsskatten i frå Saurdal kraftverk går til Suldal kommune. Resten går til Hjelmeland og Bykle kommune. Tilsvarende vil noko av konsesjonsavgiftene gå til nabokommunane. Det kjem av at nedbørsområdet/Blåsjø ligger i alle 3 kommunane.

Slik regelverket er no vil kommunen få auke i eigedomsskatteinntekter i storleiken 9,6 millionar så lenge makstaket vert lagt til grunn. Naturressursskatten vert rekna av nettoproduksjon og vil gå ned med 1 til 2 millionar. Det kan bli meir konsesjonsavgifter, men ikkje meir konsesjonskraft.

Folkehelse

Ingen stor påverknad på folkehelsa. Meir usikker is kan føre til dårlegare forhold for skiløparar, men isen på Lauvastølvatnet og Sandsavatnet vert ikkje nytta til friluftsliv slik forholda er i dag.

Gjeldande planar, retningslinjer og vedtak

Suldal kommuneplan 2023-2034.

Innkomne uttalar

Suldal kommune har ikkje hatt søknaden til uttale til andre partar.

Vurdering og konklusjon

Kommunedirektøren ser i utgangspunktet positivt på oppgraderinga. Det er her mogleg å få meir fleksibilitet i kraftproduksjonen utan nye store naturinngrep. Når det gjeld vurdering av om tiltaket krev ny konsesjon eller ikkje, har kommunedirektøren fylgjande merknader:

Villrein

Alle tre magasinane som vert påverka, Sandsavatnet, Lauvastølsvatnet og Blåsjø, ligg i nasjonalt villreinområde og omsynssone villrein. Her skal omsynet til villrein ha særleg vekt. Blåsjø ligg sentralt i villreinområdet og det er villrein kring magasinet heile året. Områda kring Sandsavatnet og Lauvastølsvatnet er hovudsakleg nytta som vinterbeiteområde, men ikkje årleg.

Villrein er spesielt omtalt og vurdert i Statkraft si anmodning om konsesjonsvurdering. Vurderinga er gjort av rådgjevingssfirmaet Sweco på bakgrunn av eksisterande kunnskap frå relevante databasar og tidlegare rapportar.

Hovudkonklusjon frå søknaden for Saurdal kraftstasjon og magasinane Sandsa og Lauvastølsvatnet:

- *Kraftstasjonen ligg i randsona til villreinområdet og det er lite truleg at villrein vert påverka av ekstra aktivitet i anleggsperioden.*
- *Sandsavatnet og Lauvastølsvatnet nyttast i dag i veldig liten grad av villrein, dyra nyttar fjellområda rundt vatna. Auka pumping i desse magasinane vil derfor i liten grad påverke villrein.*

Kommunedirektøren støttar vurderingane av at auka pumping i Sandsavatnet og Lauvastølsvatnet vil ha liten negativ effekt på villrein utover dagens situasjon.

Hovudkonklusjon frå søknaden for Blåsjømagasinet:

- *For Blåsjømagasinet generelt vil vassstandsvariasjonane vere marginale og for små til å kunne påverke isen utover dagens situasjon. Villreinens funksjonelle trekk over Blåsjømagasinet vinterstid vil derfor ikkje bli påverka av dette.*
- *Lokalt i Blåsjø, ved dei to inntaka ved Oddatjørndammen og Undeknutevatnet, kan auka pumping gi noko meir usikker is enn i dag. At villrein dett gjennom isen som fylgje av dette er derimot lite sannsynleg, og ikkje vurdert som større enn dagens situasjon. Det forventast ubetydeleg negativ konsekvens for villrein av tiltaket.*

Kommunedirektøren er usikker på om den bastante konklusjonen i fyrste punkt er rett. På normal vannstand vil full pumping med ny kapasitet kunne auke vannstanden i Blåsjø med opp til 20 cm meir pr døgn enn i dag, ved låg vannstand meir. I tillegg vil det vere normalt tilsig direkte til magasinet som vil variere. Ved pumping over fleire døgn vil dette kunne endre vannstanden raskare enn i dag og spørsmålet er om dette ikkje vil ha nokon påverknad på isen langs land.

Det er nyleg lagt fram ei stortingsmelding om villrein og det vert brukt store ressursar på tiltaksplanar for å betre villreinen sine forhold. Det er heilt sentralt at Blåsjømagasinet som ein trekkbarriere ikkje blir ei større barriere enn det den alt er i dag.

Kommunedirektøren si vurdering er derfor at Suldal kommune bør sette krav om at NVE krev betre utgreiingar av tiltaket si påverknad på isforhalda på Blåsjø før endeleg vurdering av konsesjonsplikt.

Vasstemperatur i det nasjonale laksevassdraget Suldalslågen

Vasskraftreguleringa har endra Suldalslågen på mange måtar, mellom anna temperatur. Samanlikna med tidlegare er elva i dag kaldare om sommaren og varmare om vinteren. Dette har stor verknad på mellom anna oppvekstvilkåra for laks.

Det er generelt lågare vasstemperatur i Blåsjø enn i magasina som er på 500-600 meters nivå. Auka pumpekapasitet vil gi større utveksling med kaldt vann ned mot Sandsavatnet/Lauvastølvatnet. Eit sentralt spørsmål er derfor om endra kapasitet og køyremønster i Saurdal pumpekraftverk og Kvilldal kraftverk vil kunne føre til endring på temperaturen i Suldalslågen i negativ retning? Statkraft si eigen vurdering er at:

"Tiltaket vil etter vårt syn samlet ikkje gi endringer i vanntemperatur i Suldalsvatnet eller Suldalslågen som kan være negativt for vekst og smoltalder for laksunger i Suldalslågen".

Suldal kommune har ikkje fagleg kompetanse til å vurdere dette, men meiner saka burde vore vurdert av ein tredjepart og ikkje utbyggar sjølv.

Suldalslågen er eit viktig og nasjonalt laksevassdrag. Det er sentralt å optimalisera forholda for arten. Suldal kommune er derfor opptatt av at ein i tillegg til habitatforbetrande tiltak i elva må vurdere tiltak for å *betre* temperaturtilhøva for fisk. Dette er blant anna fremma som eit krav i pågåande vilkårsrevisjon for Ulla-Førre.

Kommunedirektøren si vurdering er derfor at Suldal kommune bør sette krav om at NVE krev betre utgreiingar av ny pumping si eventuelle påverknad på temperaturen i Lågen før endeleg vurdering av konsesjonsplikt.

Planstatus:

Portalporten til Saudal kraftstasjon ligg i område for "andre typer bebyggelse og anlegg" i kommuneplanen. Dei tre magasina Blåsjø, Lauvastølsvatnet og Sandsavatnet ligg hovudsakleg i LNF - område (damanlegga ligg i område for "andre typer bebyggelse og anlegg"). Søknaden til Statkraft presiserer at reguleringssona på magasina ikkje skal endrast. Kommunedirektøren vurderer derfor at tiltaket som er planlagt ligg innanfor dagens planstatus.

Blåsjø ligg i tillegg i omsynssone "nasjonalt villreinområde", Lauvastølsvatnet ligg i "omsynssone villrein" og Sandsavatnet ligg i begge soner (halvt om halvt). I desse sonene skal det takast ekstra omsyn til villrein. Villrein er omtalt i eige punkt over.

Økonomi

I «NOU 2023: 3 Mer av alt – raskere» så blir pumpekraftverk trekt fram som eit viktig tiltak for å betre forsyningstryggleik og fleksibilitet. Her kjem dei inn på at kraftskatteregelverket ikkje er tilpassa pumpekraftverk og at kommunane kan kome dårlegare ut undre visse omstende.

Kommunen sin økonomi er ikkje ein del av denne høyringa. Slik det ser ut no vil kommunen sine inntekter auke om tiltaket vert gjennomført, men regelverket er uklårt.

Kommunedirektøren vurderer derfor at det er på sin plass å minne om denne problemstillinga. I tidlegare saker om pumpekraftverk har kommunen uttalt:

"Suldal kommune ber Energidepartementet utarbeida eit regelverk som er tilpassa pumpe- og effektkraftverk, slik at vertskommunane sine rettar vert ivaretekne ved innføring av meir pumpekraft/effekt.

Suldal kommune bør få konsesjonskrafta som er relatert til ny pumpekraft. Konsesjonskraft er erstatning/kompensasjon for dei ulemper og inngrep kraftutbygginga medfører. NVE bør vurdere om det er grunnlag for å rekne pumpekraft som allminneleg forbruk".

06.05.2025 Utval for landbruk, miljø og teknikk (LMT-utvalet)

Handsaming:

Åsmund Bakka SP spør seg ugild som grunneigar til delar av Lauvastølsvatnet.

Kommunedirektøren si vurdering:

Kommunedirektøren vurderar ikkje representanten Åsmund Bakka til å vere ugild, då saka gjeld Suldal sin uttale til avgrensa høyring frå NVE før deira konsesjonspliktutvurdering av tiltaket.

Tiltaket er ei oppgradering utan nye, store naturinngrep.

Som grunneigar av delar av Lauvastølsvatnet er representanten ikkje part i saka, og ein vurderar heller ikkje at han er ugild etter forvaltningslova § 6 andre ledd då ein ikkje kan sjå at han vil ha korkje fordel eller ulempe som følgje av tiltaket.

Utvalet finn representanten gild.

Røysting:

Samrøystes i samsvarmed innstillinga.

LMT - 041/25 Vedtak:

Suldal kommune er i utgangspunktet positiv til ei oppgradering som gir større fleksibilitet i kraftproduksjonen utan nye store naturinngrep.

Suldal kommune har fylgjande merknader som me ber NVE ta med i vurderinga av om auka pumpekapasitet i Saurdal kraftverk krev ny konsesjon:

1. Tiltaket omfattar tre magasin som ligg i nasjonalt villreinområde og/eller omsynssone villrein. Spesielt Blåsjømagasinet ligg sentralt i villreinområdet og det er villrein kring magasinet heile året. Det er heilt sentralt at magasinet ikkje blir ein større trekkbarriere enn det det alt er. Suldal kommune er usikker på om kunnskapsgrunnlaget og vurderingane av isforhalda på Blåsjø ved auka pumping er gode nok. Suldal kommune rår derfor til at det vert gjort ei grundigare vurdering av kva påverknad ei auka pumping vil ha på isforhalda ved ulike senario og kva påverknad dette vil ha på villreintrekka i området.
2. Suldal kommune er uroa for at tiltaket kan ha påverknad på temperaturen i Suldalslågen som er eit nasjonalt laksevassdrag. Temperaturen er i dei seinare åra trekt fram som ei av hovudutfordringane for laksen. Suldal kommune rår derfor til at det vert gjort ei grundigare utgreiing av tredjepart av om tiltaket vil påverke temperaturen i Lågen.
3. Suldal kommune vurderer at tiltaket er innanfor arealformåla i kommuneplanen og ikkje treng dispensasjon frå denne.
4. Suldal kommune som Noregs største vasskraftkommune er oppteken av at den nasjonale ynskja satsinga på pumpekraftverk ikkje skal slå negativt ut økonomisk for vertskommunane.

22.05.2025 Kommunestyret

Handsaming:

Nytt forslag, foreslått av Olav Lindseth, Venstre

1. Tiltaket omfattar tre magasin som ligg i nasjonalt villreinområde og/eller omsynssone villrein. Spesielt Blåsjømagasinet ligg sentralt i villreinområdet og det er villrein kring magasinet heile året. Suldal Kommune forutsett at magasinet ikkje blir ein større trekkbarriere enn det det alt er. Suldal kommune er usikker på om kunnskapsgrunnlaget og vurderingane av isforhalda på Blåsjø ved auka pumping er gode nok. Suldal kommune forventar at det vert gjort ei grundigare vurdering av kva påverknad ei auka pumping vil ha på isforhalda ved ulike senario og kva påverknad dette vil ha på villreintrekka i området.
2. Suldal kommune er uroa for at tiltaket kan ha påverknad på temperaturen i Suldalslågen som er eit nasjonalt laksevassdrag. Temperaturen er i dei seinare åra trekt fram som ei av hovudutfordringane for laksen.
Suldal Kommune forventar at Statkraft gjer umiddelbare tiltak for kontinuerlig overvåking av temperaturen i Suldalslågen på sentrale plasser i Suldalslågen. Suldal kommune forventar at det vert gjort ei grundigare utgreiing av tredjepart av om tiltaket vil påverke temperaturen i Lågen.
3. Suldal kommune vurderer at tiltaket er innanfor arealformåla i kommuneplanen og ikkje treng dispensasjon frå denne.
4. Det er planlagt fleire store oppgraderingar av vannkraftanlegg med nye pumpekraftverk i Noreg. Det er viktig at ein har økonomiske insentiv for vertskommunane når oppgraderingane førar til auka verdiskaping.

5.Suldal kommune ser det som positivt om deler av arbeidet med pumpekraftverk i Saurdal i mest mogleg grad blir samkøyrtd med planlagte vedlikehaldsprosjekt i Ulla-Førre slik at man får redusert nedetid med tap av produksjon og minimerer fotavtrykk.»

Representanten Åsmund Bakka SP spør seg ugild.

Kommunedirektøren si vurdering:

Kommunedirektøren vurderar ikkje representanten Åsmund Bakka til å vere ugild, då saka gjeld Suldal sin uttale til avgrensa høyring frå NVE før deira konsesjonspliktavurdering av tiltaket.

Tiltaket er ei oppgradering utan nye, store naturinngrep.

Som grunneigar av deler av Lauvastølsvatnet er representanten ikkje part i saka, og ein vurderar heller ikkje at han er ugild etter forvaltningslova § 6 andre ledd då ein ikkje kan sjå at han vil ha korkje fordel eller ulempe som følgje av tiltaket.

Kommunestyret finn representanten gild.

RØYSTING

Forslag opp mot kvarandre.

Innstillinga frå LMT

For:

Nytt fellesforslag AP, KrF, SV, V

For: Samrøystes

K - 039/25 Vedtak:

1.Tiltaket omfattar tre magasin som ligg i nasjonalt villreinområde og/eller omsynssone villrein. Spesielt Blåsjømagasinet ligg sentralt i villreinområdet og det er villrein kring magasinet heile året. Suldal Kommune forutsett at magasinet ikkje blir ein større trekkbarriere enn det det alt er. Suldal kommune er usikker på om kunnskapsgrunnlaget og vurderingane av isforhalda på Blåsjø ved auka pumping er gode nok. Suldal kommune forventar at det vert gjort ei grundigare vurdering av kva påverknad ei auka pumping vil ha på isforhalda ved ulike senario og kva påverknad dette vil ha på villreintrekka i området.

2. Suldal kommune er uroa for at tiltaket kan ha påverknad på temperaturen i Suldalslågen som er eit nasjonalt laksevassdrag. Temperaturen er i dei seinare åra trekt fram som ei av hovudutfordringane for laksen.

Suldal Kommune forventar at Statkraft gjer umiddelbare tiltak for kontinuerlig overvåking av temperaturen i Suldalslågen på sentrale plasser i Suldalslågen. Suldal kommune forventar at det vert gjort ei grundigare utgreiing av tredjepart av om tiltaket vil påverke temperaturen i Lågen.

3. Suldal kommune vurderer at tiltaket er innanfor arealformåla i kommuneplanen og ikkje treng dispensasjon frå denne.

4. Det er planlagt fleire store oppgraderingar av vannkraftanlegg med nye pumpekraftverk i Noreg. Det er viktig at ein har økonomiske insentiv for vertskommunane når oppgraderingane førar til auka verdiskapning.

5.Suldal kommune ser det som positivt om deler av arbeidet med pumpekraftverk i Saurdal i mest mogleg grad blir samkøyrtd med planlagte vedlikehaldsprosjekt i Ulla-Førre slik at man får redusert nedetid med tap av produksjon og minimerer fotavtrykk.»